

Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2018

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.18 hadde den 226 registrerte medlemmar. Medlemskapet er evigvarande og kostar 100 kroner for privatpersonar og 1000 kroner for bedrifter. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet. 2018 var det åttande heile driftsåret.

GÅVER I 2018 – TOTALT KR.10.000.- 😊

Kinn Rekneskap kr.10.000.-

Vi er takknemlige for alle gåver og styrar dei mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

INVESTERINGAR OG DRIFT

Det har i år vært fokus på bygging av Gapahuk og vedlikehold av hele området. Gapahuken er på plass og tømmerarbeidet ble utført av Vestfjord bygg as. Grunnarbeidene av Terøy maskin as. Torvlegging, beising og anna tilpasningsarbeid ble utført på dugnad. Vi er godt fornøyd med resultatet.

DUGNAD SARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Dessverre fell dette arbeidet på alt for få hender, og utfordringa framover blir å engasjere folk til nye krafttak. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire seniorar som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

PROSJEKTARBEID I 2019 OG 2020

Styret har valgt å konsentrere prosjektarbeidet om utviklinga av servicebygg og Gapahuk. For 2019 er det arbeid med VA anlegg og for 2020 er det ferdigstilling servicebygg til 17 mai som blir prioritert.

Det har og blitt arbeidet med en avtale for drift og vedlikehold av området. Den skal signeres i 2019.

SANITÆRBYGG

Det er oppretta ei egen prosjektgruppa ledet av Flora kommune ved Rune Bortne. Vi stiller med Magne Hovland, Leni Notø og Fredrik Gulbranson.

REGNSKAPET FOR 2018

Resultatregnskapet for 2018 viste eit overskot på kr.xxxxx.-som er føreslege lagt til eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjorde xxx tusen kroner pr. 31.12.2018

ADMINISTRATIVT

Det vart helde 4 styremøter i 2018. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Bookeeper er regnskapsfører og Kinn Regnskap står for revisjon. Det er sett av 10 tusen kroner i honorar for 2018.

Florø, 08 Mai 2019

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

Leni Notø

Nestleiar

Tor Solheim-Olsen

Styremedlem

Irene Hjorthol

Styremedlem

Magne Hovland

Styremedlem